

## Årsmelding 2019

Praksiskonsulentordninga i Helse Førde har i 2019 heldt fram som tidlegare, med dei same praksiskonsulentane i tilsaman 70% stilling:

**Anne Stubdal**, tidlegare fastlege i Stryn kommune.  
Hovudkontakt for Nordfjordregionen.  
Fungerer også som pko-leiar.

**Normund Svoen**, fastlege i Florø.  
Hovudkontakt for kommunar i Sunnfjord, midtre og ytre Sogn.  
Webredaktør.

**Jan Ove Tryti**, fastlege og kommuneoverlege i Sogndal kommune.  
Hovudkontakt for kommunane i Indre Sogn.

Som før arbeider vi i heile føretaket med dei oppgåver som vi vurderer som viktige samhandlingssaker, og vi fordeler oppgåver oss i mellom etter geografi og kapasitet.

### Døme på arbeidsoppgåver i 2019:

- Øymerka stillingar for allmennlegar i spesialisering
- Oppdatering adresselister og telefonnummer fastlegar.
- Oppdatering nettsider, nyhendebrev til fastlegar
- Telemedisin
- Diabetes
- Barnehabilitering
- Prehospital plan
- Samarbeid med Helse Vest om lab.tenester
- Planarbeid psykiatri og rus

- Pakkeforløp psykiatri  
Praksiskonsulentane har vore aktive i innføring av pakkeforløp i psykisk helsevern i Helse Førde, og vi har besøkt dei fleste legekontora i fylket for å orientere og informere om dette til allmennlegar og kommunale tenesteytarar. Vi har også laga henvisningsmalar for fleire av pakkeforløpa, som fleire kolleger opplever som nyttige.

### **Kurs og møteverksemd:**

Alle praksiskonsulentane er observatørar på møta i *fagrådet* i Helse Førde.  
Planlegging av og deltaking på *Erfaringskonferansen* i Helse Førde, februar 2019  
Deltaking på *Nasjonal PKO-fagdag* i Oslo mai 2019.  
Møte med laboratoria, nevrologisk og reumatologisk avd., radiologisk avd, med.avd.  
Møte med Nordfjord legevakt.  
Fagdagar psykiatri i Nordfjord og Sunnfjord.  
Besøk på nesten alle allmennlegekontor.  
Deltaking i fylkeslegen sitt nettverk for samfunnsmedisin.  
Undervisning av LIS-1.

*Fellesmøte* 3-4 gongar i halvåret. Samhandlingssjef, utviklingsdirektør og kommunal samhandlingskoordinator vert invitert.

### **Praksiskonsulentane sin kontakt med fastlegane og kommunane:**

Vi opplever framleis at det er vanskeleg å ha god og regelmessig kontakt med fastlegar. Dei har ein travel arbeidsdag og lite tid til møteverksemd med oss, og vi strever litt med å nå ut med informasjon. PKO-nytt vert truleg ikkje lest av alle. I samband med innføring av pakkeforløp psykiatri har vi vore på personleg besøk på dei fleste legekontor i fylket.

Vi har ikkje arrangert fellesmøte for legar i 2019, men dette er stadig eit tema vi diskuterer. Nokre helseforetak i landet har suksess med slike møteplassar, t.d Helse Møre og Romsdal.

Vi har god kontakt med den interkommunale samhandlingskoordinatoren og har hatt stor nytte av samarbeid med ho når det gjeld informasjon til og frå kommunane. Ho har også søruga for at oppdatert telefonliste til alle legekontor er distribuert til alle avdelingar i foretaket.

### **Praksiskonsulentane sin kontakt med sjukehuslegane:**

Aktiv deltaking i fleire samhandlingsprosjekt i Helse Førde.

Uformelle og formelle samtaler med legar. Viktig informasjon frå helseforetaket til allmennlegar om samhandlingstema vert ofte drøfta med PKO og kvalitetssikrast før utsending.

Vi har i 2019 hatt fleire formelle møtepunkt med sjukehuslegar enn tidlegare år, og vi trur dette er viktig å utvikle vidare. Fleire møte med ulike sjukehusavdelingar er planlagd i 2020.

### **Kontakt med administrasjonen:**

Vi er administrativt plassert i avdeling for stab og støtte med samhandlingssjef som vår næraste samarbeidspartnar og utviklingssjefen som vår overordna.

Vi set pris på å vere faste observatørar i fagrådet, og vi føler at våre synspunkt der blir lytta til.

Siste året har vi hatt betre kontakt med våre overordna i helseforetaket enn tidlegare, noko vi anser som nødvendig og nyttig. Anne Stubdal har fått kontor plass i adm.avdelinga ved Nordfjord sjukehus. Dette gir lettare kontakt med leiing og samhandlingssjef. Vi ønsker også tettare kontakt med fagdirektør.

### **Praksiskonsulentane sitt ansikt utad:**

Praksiskonsulentane sender regelmessig ut e-postar med viktig informasjon frå heimesida vår til alle allmennlegar i fylket samt til sjukehuslegar og administrasjonen i Helse Førde og fylkeslegen.

Det er likevel vanskeleg å vere synleg både blant allmennlegar og sjukehuslegar, og det er tidvis også vanskeleg å nå fram med viktig informasjon. Det er ikkje alle som veit kven vi er og kva vi jobbar med.

Vi brukar mykje tid og krefter på å ha oppdaterte e-post-lister til alle allmennlegar i fylket, og sjukehuset kan gjerne ta kontakt med oss for informasjon om slike adresser.

### **Heimeside:**

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Heimesida til praksiskonsulentane vert kontinuerleg oppdatert, stort sett kvar veke. Vi jobbar aktivt med å marknedsføre denne sida både for sjukehuslegar og primærlegar, i håp om at dette kan vere ein viktig informasjonskanal mellom tenestenivåa

Samhandlingssida til helseforetaket:

<http://samhandling-sfj.no/>

er også ein nyttig kanal for informasjon, og vi har god kontakt med administrator av denne sida for å få ut informasjon der som vi meiner er viktig.

## Tankar om vidare arbeid:

Praksiskonsulentane har i 2019 vidareført arbeidet frå tidlegare år. Vi jobbar stadig meir desentralisert og nyttar ofte videoløysingar, noko som bidreg til at vi kan delta i mange ulike prosjekt utan å måtte bruke mykje tid på reising.

Det er likevel å viktig å treffast ansikt til ansikt nokre gongar i semesteret, og vi vil prioritere møtepunkt også i vårt vidare arbeid.

Hausten 2018 kom eit nasjonalt *grunnlagsdokument for praksiskonsulentordninga* som også er distribuert til foretaksleiinga, og dette bør vere ei rettesnor for vidare arbeid. Ein bør også vurdere om det bør opprettast eit samhandlingsorgan som kan bidra til konkret samhandling mellom sjukehuslegar og allmennlegar. Siste året har det vore mykje press på allmennlegar og mykje uro angående oppgåvefordeling mellom legar, og eit slikt «legeråd» kan kanskje hjelpe til å betre samarbeidsklimaet. Dei fleste helseforetak har slike kontaktpunkt. Det er utarbeidd sentrale dokument til hjelp i arbeidet:

<https://www.legeforeningen.no/foreningsledd/fagmed/norsk-forening-for-allmenntmedisin/faggrupper/samhandling/>

Vi ser fram til vidare arbeid i 2020, med god kontakt både med leiinga i Helse Førde, sjukehusavdelingar, kommunar, legar i spesialisthelsetenesta og legar i kommunane.

Førde, januar 2019

Praksiskonsulentane

Anne Stubdal [anne.stubdal@helse-forde.no](mailto:anne.stubdal@helse-forde.no)

Jan Ove Tryti [jan.ove.tryti@helse-forde.no](mailto:jan.ove.tryti@helse-forde.no)

Normund Svoen [normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no](mailto:normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no)